

## **Referat frå referansegruppemøte I TMA4295 22.10 2020**

Til stades: Karina Lilleborge, Håkon Noren, Emma Skarnes, Silius Vandeskog og John Tyssedal.

Det blei ein kort diskusjon om førelesingar, bok, øvingar og øvingsveiledning. Referansegruppa meinte at opplegget fungerte greit og at hovedinntrykket frå første referansegruppemøte var uforandra. Veiledningstida i vekene med obligatoriske øvingar er no utvida med ein halv-time.

Det blei ein god del snakk om eksamen og om den den oppsette skriftlege eksamensforma burde endrast på grunn av korona-situasjonen. Heimeeksamen ville føre til evalueringa bestått/ikkje bestått. Studentane såg både potensielle ulemper og fordeler med begge alternativa. I referansegruppa ønskte studentane å få karakterar i faget.